

Referat fra FAU Vestbygd Skule

Sted: Vestbygd skule

Dato: 12.02.24 kl.17.30 – 19.00

Tilstede: Henriette Bønes Tveitnes, Halvard Grøneng, Silje Fanebust, Hilde Evensen, rektor Astrid Marie B. Kallekleiv.

1. Godkjenning av innkalling

Godkjent med merknad. Ikkje alle har fått innkalling i digipost.

2. Godkjenning av referat

Godkjent.

3. Informasjon fra skulen v/rektor

1) VISMA: ikkje alle som har lasta den ned og tatt den i bruk. Oppfordring frå rektor, ta den i bruk, særleg til planlagt fråvær. Rektor vurderer utifrå kor mange det gjeld kva tiltak som gjerast.

2) Søkjefunksjonar på chromebook: Nyttar KRIPOS sitt søkjefilter på skulen (i kommunale nettverk). I heimen er det foreldrekontroll på nettverket om gjeld.

3) Skulefrukt evaluering: blir ete og sett pris på!

4) Kveldsforestilling til jul m.m.: kan foreldra komme og sjå? Vil bli gjort ved neste anledning. Rektor ynskjer at klassekontaktane tek opp att kveldsarrangement for barn og vaksne.

5) Ynskjeliste frå elevrådet: Klasse-baller. Rektor vil sende ut ei meir detaljert liste til klassane for så å ta desse til behandling i elevrådet.

6) Kan skulen søkje om midlar til oppgradering til uteområdet?

Lys på uteområdet må ettersjåast, mange er sløkt. Rektor skal sjekke.

Kvar kan vi søkje pengar til dette føremålet? Pengar frå kommunen tek tid.

7) Ny politikontakt: rektor ynskjer at politiet kjem til møte for alle foreldre for 1.-7. klasse.

8) Elev- og foreldreundersøking: Rask gjennomgang.

Elevundersøkjinga:

- Skal jobbe med motivasjon (fallande frå 5. til 7. klasse) og elevdemokratiet/medverknad.
- Mobbing: Høgt på t på 7.trinn, 5. trinn ligg under snittet. Skal jobbe med dette, foreldremøte på 7.trinn snarleg. Vil prøve å få dette med på foreldremøte i april med politiet.

Foreldreundersøkinga:

- 56% svarprosent totalt. Enkelte trinn over 70%.
- Enkeltpunkt som er under 4,0.
- Bli betre på gje rettleiing til foreldre når det gjeld lekser.

- Handtering av mobbing skal ein bli betre på.
- Uviklingssamtaler er det nok av.

Det er det same som går igjen dette året som i tidlegare år sin undersøkingar.

4. Endring av signaturrett:

Den endrast til at leiar og nestleiar i felleskap har signaturrett. Nytt skjema vert signert på møtet.

5. 17.mai

Mariell Sagstad er FAU sin representant i 17.maikomiteen.

Skal vi ha gratisbonger til elevene? Vi må vurdere i forhold til prisnivå og kor mykje vi skal legge gratis. Alternativ er å gi bonger og å auke prisane, eller å halde prisane relativt lave utan bongar.

- FAU vil at komiteen skal vurdere utgiftene til bonger 50,- pr elev og vurdere auke i prisane på innkjøpte varer, men ynskjer at ein held prisane på aktiviteter og kaker på samme nivå. Komiteen må vurdere kva justeringar som eventuelt er hensiktsmessige.
- FAU ynskjer kontant-fritt med Vipps.
- PAanlegg: har skulen eller skal FAU investere i nytt, evt leige. Må sjå kva økonomien til FAU tillet på sikt.
- FAU ynskjer at 17.mai-komiteen organiserer ein «speaker» for heile dagen, og før toget går. Vi foreslår samme som i fjar.
- 17.maikomiteen avtalar med Meland musikklag og Rossland skulemusikk.
- Fau ordner før toget går: klassefaner og skulefane, PA-anlegg, flagg, tale frå 7.trinn, og tale frå FAU, bærar til skulefana. Organiserer avgang for toget.
- 17.mai-komiteen sjekker at skuleborna har bestemt rute for toget.
- Kan 17.maikomiteen opprette bestillingskontoar i med FAU si mailadresse så faktura kjem direkte til FAU.

6. Møte/fordrag med politi.

Det ser ut til at ein kan få til eit møte i april på kveldstid for foreldre i alle klassar med politiet, særleg med fokus på nettvett. Ein ser og føre seg at m.t.p. elevundersøkinga får til eit eige møte for foreldre og elevar på 7.trinn.

7. Status grasrot

Svar frå ansvarleg medlem i FAU: «Hei. Vi har fått avslag på å registrere fau med grasrot andel. Dette begrunnes av at fau ansees som offentlig virksomhet da det er ett pliktig organ i grunnskolen.»

8. Årshjul for FAU

Kva må ein gjere på første møte for å vere a jour, så ein ikkje vert sittande med dette gjennom heile året:

- Brønnøysundsregistra, kva gjer leiar her.
- Kasserars oppgåver, medlem av 17.mai-komite, frå 4., 5., eller 6. klasse.
- Leiar sine oppgåver.
- Dato for dugnad i akebakken.

9. Ymse

- Kasserar har oppretta ny konto for FAU som ikkje er sparekonto i samråd med leiar.
- I 2023 hadde FAU eit overskot på ca 13.000,- . Dette er ikkje representativt for dei siste 3 åra. Grunnen til overskot er at ein i 2023 nytta seg av lager av premiar/varer til 17.mai i staden for å kjøpe inn.

Referent: Halvard Grøneng